

Referat styremøte HSG 14. januar 2013

Stad: Nortura Eidsvåg

Desse møtte: Nils Inge Hitland, Reidar Kallestad, Steinar Steine, Olav Håvardsholm og Anita Jordalen.

Egil Øvstebø hadde meldt forfall

Referent: Karluf Håkull

Sak 01 – 13 Godkjenning av innkalling og referat 27.10.12

Vedtak: Referat og innkalling godkjent

Sak 02 – 13 Orienteringsaker

- Saueprosjektet v/Reidar Kallestad
- Årsmelding 2012 v/Nils Inge Hitland
- Årsmøte v/Karluf Håkull

Vedtak: Saueprosjektet er nå i gang det har vert møte i Arbeidsgruppa og Styringsgruppa. Styringsgruppa har laga forslag til aktivitet for 2013. Arbeidsplan og møter blir lagt ut på heimesida til HSG

Det er ikkje meldt inn saker til årsmøte HSG

Årsmøte 15. og 16. februar. Årsmøte skal som tidlegare meldt vara på Thon Hotel Sandven, Norheimsund. Steinar Steine og Karluf Håkull har i oppdrag å skaffe personar som skal halde foredrag under årsmøte. Styre hadde fleire aktuelle personar.

Sak 03 – 13 Jordbruksforhandlingar 2013

Vedtak: Reidar Kallestadd deltek på fellesmøte i lag med andre faglag i Hordaland på Stend Jordbruksskule 30. januar. HSG meiner desse sakene bør prioriterast for 2013:

Beitebruk, høgre pris på lammekjøtt, dyretilskot og omlegging av utbetaling av kvalitetstillegg på lammeslakt.

Sak 04 – 13 Fagtur 2013

Vedtak: HSG prøver og få til fagtur til Island 2013. Karluf har kontakt med reiseselskap og venter på tilbod derfrå. Meir informasjon blir lagt ut på heimesida til HSG når den føreligger.

Sak 05 – 13 Kurs nye sauebønder

Vedtak: Kurs er planlagt 9. og 10. mars på Solstrand Hotell. Styret held på med planlegging av program. Påmelding og program blir lagt ut på heimesida til HSG når det er klart.

Sak 06 – 13 Høyringsuttale til ny organisering av saueavlen.

Vedtak: Nils Inge gjekk gjennom innkomne forslag. 3 lokallag og 5 ringar hadde sendt inn forslag. Styret diskuterte og laga felles innstilling som er sendt styret i NSG.

Sak 07 – 13 Leiarmøte 2013

Vedtak: 1. og 2. november 2013 skal Agro Hordaland arrangerast. Styret i HSG diskuterte om dei skulle ha leiarmøte fredag 1. november i forkant av Agro Hordaland. Styret legg opp til at leiarmøte blir i samanheng med Agro Hordaland 2013.

Sak 08 – 13 Ymse

- Avlsmøte region vest blir arrangert på Thon Hotel Bergen Airport onsdag 23. januar. Sjå program heimesida til HSG
- Prosjekt Landskap i drift frå Fylkesmanne, skal vidareførast. Steinar Steine er HSG sin person i prosjektet
- "Gromsau", pris som deles ut under landsmøte NSG til person som har utmerka seg i saueholdet i Norge. Det var komet spørsmål frå RSG om HSG kan støtte deia forslag som er Ove Myklebust. HSG synest dette er eit godt forslag. Karluf informerer RSG.